



Sigmund Nævdal
Nævdal 75
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5725 - 22/66096

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
02.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 35/4 Nævdal

Tiltak: redskapshus
Byggjestad: Gbnr: 35/4
Tiltakshavar: Sigmund Nævdal
Ansvarleg søkjar: Sigmund Nævdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.07.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vedlagt situasjonskart må utbetrast. Situasjonskart må syne plassering av tiltak, samt ytre mål på tiltak. Situasjonskart må vidare syne avstand til nabogrense, andre bygg på eigedomen, samt avstand til veg.
2. Vedlagt teikningsgrunnlag må utbetrast. Det må leggjast ved fasadeteikning for heile bygget.

Det må leggjast ved teikning av snitt, som syner mønehøgde for bygg.

Det må leggjast ved planteikning for andre etasje i bygg.

Vedlagt følgjer informasjonskriv om situasjonskart og teikning.
3. Søknad må oppdaterast med informasjon om utnyttingsgrad for eigedom. Søknad må vidare oppdaterast med informasjon om bruksareal (BRA) og bygd areal (BYA) for det konkrete tiltak.
4. Det er ikkje kryssa av for om tiltak skal filkoplast vatn og avlaup i søknadsskjema. Ber om tilbakemelding på dette tilhøvet.

5. Det er kryssa av for at tiltak krev dispensasjon, og vist til pbl.§19. Eigedom er regulert til arealføremål LNF. Om tiltak krev dispensasjon frå arealføremålet vil vere avhengig av om tiltak er i samsvar med pbl.§11-7 nr.5. Det går her fram at det innanfor arealføremål LNF er opna for «nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gården sitt ressursgrunnlag».

Det må gjerast greie for om tiltak er tilknytt ei aktiv drift på garden. Dersom det ikkje er drift på garden, eller tiltak ikkje er naudsynt for denne drifta, må søknad supplerast med dispensasjon frå arealføremål LNF.

Sjå elles om reglar for arealføremål LNF i kommunedelplan for Lindås føresegn 3.4.1.

6. Utgangspunktet er at byggesak skal nabovarslast jf. pbl.§21-3. Kommunen kan vurdere fritak frå nabovarsling etter at situasjonskart med plassering av tiltak er innsendt.

Det er skrive ei setning om grunngjeving for fritak frå nabovarsling i søknad. Dersom dykk ser behov for å supplere med ytterlegare grunngjeving ved supplering av søknad, er dette mogeleg. Det må vere tydeleg for kommunen at tiltak ikkje kan påverke interesser til naboar eller gjenbuarar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **07.10.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sigmund Nævdal
Sigmund Nævdal

Nævdal 75
Nævdal 75

5957 MYKING
5957 MYKING